



Arkivsaknr: 2025/9662-1
Sakshandsamar: Monica Alice Svarstad
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Utval for levekår	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyre vedtar forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa slik den ligg føre, og at forskrifta blir sendt på høyring.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd

Saka skal til innstilling i utval for levekår

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

I samband med ny lov om grunnskuleopplæringa og vidaregåande opplæring, treng Alver kommune lokal forskrift om elevpermisjonar frå den pliktige grunnskuleopplæringa. Det er utarbeidd framlegg som skal handsamast i kommunestyre og kunngjerast i Lovdata.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Framlegg til forskrift om permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa i Alver kommune rettar seg mot elevar i kommunale grunnskular. Unntaket er elevar som får grunnskuleopplæring etter §18-2 i opplæringslova, førebuaande opplæring for vaksne.

Framlegget til lokal forskrift gjeld § 2-2, fjerde og femte ledd i opplæringslova. Føremålet med Alver kommune si lokale forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa er at søknader om permisjonar skal få ei likeverdig handsaming. Fråvær frå opplæringa kan vere ei utfordring for den enkelte sitt utbyte av opplæringa, men det påverkar også arbeidet med skulemiljøet. Det er derfor viktig at forskrifta støttar opp om arbeidet med å halde elevfråværet lågt.

Elevar i grunnskulen har moglegheit til å søke om inntil ti skuledagar permisjon kvart skuleår. Ved innvilga søknad vil dette vere godkjent fråvær. Avgjer om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring er enkeltvedtak med klagerett.

Fråvær på grunn av helserelaterte årsaker er ikkje rekna som permisjonar og er heller ikkje avgrensa til 10 dagar. Helserelatert fråvær frå pliktig grunnskuleopplæring vil vere godkjent med dokumentasjon frå føresette eller sakkunnige (til dømes lege).

Sakshistorikk

I samband med ny opplæringslov for grunnskular og vidaregåande skular gjeldande frå august 2024, er det gjort endringar i reglar for fråvær frå pliktig grunnskuleopplæring. Det gjer at kommunar mellom anna må vedta ny lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa.

Behov

Vurderingsgrunnlag

Lov om grunnskuleopplæringa og vidaregåande opplæring § 2-2.

Partar

Skuleleiarar, tilsette, elevar og føresette i den kommunale grunnskulen.

Vurdering

Alver kommune pliktar å ha ei lokal forskrift om permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa.

Det kan vere mange behov og omsyn som gjer at elevar treng fråvær frå den pliktige grunnskuleopplæringa. Samtidig er det vurdert at det er viktig både for den einskilde eleven og for skulemiljøet at den lokale forskrifta støttar opp under arbeidet med å redusere elevfråværet. Det er naudsynt, både for eleven sjølv og for skulen sitt arbeid med å følge opp eleven, at elevar er til stade i opplæringa i periodar der det blir gjennomført viktige vurderingar som nasjonale kartleggingar og eksamenar.

Skulen pliktar å gje alle elevar ei forsvarleg opplæring. Det er derfor naudsynt at permisjonar blir vurdert individuelt, mellom anna opp mot anna fråvær og eleven sitt utbyte av opplæringa generelt.

Forskrifta skal gjere det føreseieleg for elevar og føresette kva rettar elevar har til å søke om gyldig fråvær frå opplæringa, samt sikre ei likeverdig behandling av søknader. Alver kommunen har egne rutinar ved elevfråvær.

Forskrifter som gjeld barn og unge bør fremje barnet si utvikling, trivnad og oppleving av meistring både i skule, fritid og omsorgssituasjonar. Det er derfor viktig å leggje til rette for at elevar til dømes får høve til å delta i viktige familiehendingar og arrangement som gjeld fritidsaktivitetar, samtidig som dette ikkje påverkar utbyte eleven har av opplæringa i vesentleg grad. I vurderinga er eleven si tilhøyrse i læringsmiljøet vekta, og at den enkelte elev er viktig for læringsmiljøet. Ved nokre høve vil årsaka til at eleven ønskjer permisjon vere viktigare enn eleven si deltaking i opplæringa. Dette gjeld sorgprega hendingar i nær familie. Elevar skal derfor få fri til å vere med familien i slike situasjonar, også i periodar der viktige vurderingssituasjonar og eksamen blir gjennomført.

Forskrifta avgrensar når og kor mykje fråvær elevar kan ha til fritidsreiser i løpet av skuleåret. Det er i vurderinga vekta at elevar skal kunne få fri til dette, men i avgrensa grad. Elevar i grunnskulen har i dag 190 skuledagar, og har med det fri store deler av året allereie. Innanfor ramma av ti skuledagar har rektor høve til å gjere individuelle vurderingar i handsaming av søknad om fri frå opplæringa. Eleven sine synspunkt og ønskje skal kome fram i sakshandsaminga, og ei heilskapleg vurdering av kva som er til det beste for eleven skal leggjast til grunn for denne vurderinga. Eleven sin rett og plikt til opplæring er vekta høgt. Det er derfor spesifisert konkrete punkt som skal vurderast individuelt ved søknad om permisjonar.

Det er eit føremål at forskrifta skal sikre ei likeverdig handsaming av søknader om fri frå opplæringa. Ei likeverdig handsaming vil mellom anna bety at elevar skal få ei likeverdig behandling uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne og sosial bakgrunn. Det er derfor lagt til rette for at elevar som høyrer til i andre trussamfunn enn Den norske kyrkja skal ha høve til å få fri til å delta i religiøse markeringar og feiringar som er ein del av trusretninga deira.

Framlegg til forskrift er utarbeidd i prosess med rektorgruppa til dei kommunale skulane. Når ein kommune vedtar ei forskrift, skal framlegg sendast til høyring til aktuelle interessentar. Dette utkastet har av kapasitetsomsyn dessverre ikkje hatt ein tilstrekkeleg høyringsprosess. Det er naudsynt å ha eit vedteke permisjonsreglement som er kunngjort i Lovdata.no. Det vedteke permisjonsreglementet blir sendt ut på ei brei høyring, og saka vil kome opp igjen til ny politisk handsaming.

Økonomiske konsekvensar

Framlegg til forskrift medfører ingen økonomiske konsekvensar.

Vurdering av særskilte grupper

Det er ikkje gjort vurderingar knytt til særskilde elevgrupper utanom elevar med anna trusretning enn Den norske kyrkja. Forskrifta gjeld ikkje helserelatert fråvær frå opplæringa.

Kommunedirektøren si tilråding

Ein rår til at kommunestyre vedtar framlegg til forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa. For å vareta aktuelle interessentar sin rett til uttale, vil framlegg til forskrift bli sendt på høyring etter vedtak i kommunestyre. Saka kjem tilbake til politisk handsaming etter gjennomført høyringsperiode.

Vedlegg

- 1 Framlegg til forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Alver kommune